

ÅRSRAPPORT

Fjordane Friluftsråd

for 2021



Skipsdåpen 28.10.21 Solund Brygge. Foto; Dagmara Wojtanowicz

Innleiing

Fjordane Friluftsråd består av kommunane; Solund, Askvoll, Kinn, Bremanger, Stad og Stryn.

Styret

Styret var i 2021 samansett slik :

Leiar:	Arlene O.Vågene
Nestleiar;	Elisabeth B.Hatlenes
Styremedlemer:	Nils Chr. Bjørgo
	Linda Ness Rotihaug
	Terese Gjerde
	Siri Sandvik
	Jon Olav Kvamme

Varamedlemer: Jan Henrik Nygård
Erlend Lambrechts Trovåg
Alice Hestad Vie
Bjarte Myklebust
Geir Årvik
Sonja Servan

Styremøter

Det har vore avhelde 3 styremøter og blitt handsama 21 saker.

Medlemmer

Fjordane Friluftsråd har 6 kommunar med ca 42 600 innbyggere.

Årsmøte og generalforsamling

Årsmøte helde den 16.06.

Aktivitet

- **STRANDRYDDING**
- **Rydd Sogn og Fjordane**
- **Skuleturne for havet**

Det har i kommunane Solund, Askvoll, Kinn, Bremanger, Stad og til dels Stryn vore gjennomført betydeleg strandrydding v.h.a tildelte midlar frå Miljødir.

Gjennom prosjektet vårt *Rydd Sogn og Fjordane 2021-2022* har vi arrangert og støtta arrangering av ryddeaksjonar med 1600 frivillige, derav 550 elevar fordelt på 20 skular gjennom *Skuleturnè for havet*. Dette har resultert i nærare 50 tonn avfall fjerna frå 185000 m strandlinje. FF har bidratt til å bevisstgjere og engasjere lokalbefolkninga ved promotering på våre sosiale media, samt å vere synlege i lokale og regionale media. Vi har og bidratt solid inn i det nasjonale arbeidet med strukturering og felles løysingar knytt til marin forsøpling. Gjennom aktørar som HNR med arenaen KOSAM og overfor SOMM og Rydde.



- **Rydd Norge Vestland, Solund, Askvoll og Stad**

RNV prosjektet finansiert av Handelens Miljøfond, har rydda den ytre kystline av Stad, Askvoll og Solund kommune. Samla har dei sidan oppstarten i april rydda 34,5 tonn og 332 km kystline.

Dette betyr at det gjennom dei 2 prosjekta Rydd Sogn og Fjordane og RNV prosjektet er blitt rydda ca 82 tonn og 517 km strandline.

- **Administrasjon og tilsette**

Frå 01.09 hadde vi 8 stillingar som samla gjennom året utgjorde ca 6 årsverk. Fordelt slik;
 1 stilling som dagleg leiar,
 1 stilling som leiar for Skjergardstenesta,
 1 prosjektkoordinatorstilling Rydd Sogn og Fjordane
 1 stilling «Skuleturne for havet» og
 4 stillingar som profesjonell strandryddarbeider gjennom HMF,
 instruktørar friluftsskulane og strandrydding sommar, ca 1 mnd samla.

HMS

Ikkje personskadar i 2021, men litt sjukemelding (reduksjon i stilling. Det er lagt vekk på mykje opplæring og innkjøp knytta til drift av arbeidsbåt, og HMS strandrydding. (Sjå nærare under avsnitt arbeidsbåt og opplæring)

- **Friluftsskular**

Vi fekk gjennomført totalt 3 kystfriluftsskular, herav 2 i Solund og 1 i Bremanger for born i alderen 9-13 år.
 Totalt deltok 27 born på dette. Samla stønadsmidler frå FL og VFK til friluftsskulane fordelte seg slik; Kr.95.000,- til Solund og kr.52.000,- til Kinn, kr.30.000,- til Bremanger, kr.115.000,- til Stad og kr.115.000,- til Stryn. Overskytande kr.189.000,- vert satt inn på bunde fond til neste års friluftsskular etter avtale VFK.

- **Arbeidsbåtar**

Fjordtrygg var utleid til RNV prosjektet fra april til september, og gav inntekter til drift og vedlikehald av båten. Den vart 12.10 utsatt for vassfylling og vi måtte berge båten. Dette vart meldt forsikringsselskapet og båten vart tatt på verkstad og skadar utbedra. Frå november vart båten leigd ut til Rydd Sogn og Fjordane prosjektet og flytta til Florø og basen der.

Sjøtrygg – ein 24 fot Arronet innleigd til RNV prosjektet vart henta av oss på Avaldsnes/Karmøy og sett i drift frå primo september.

- **Skjærgardsteneste**

42 fot katamaran i aluminium, type Ducman 42 kjøpt frå firma på Hvaler for kr.2.950.000,- + mva: Båten vart henta av Anders Ytreøy og dagleg leiar den 13.04. og ført til Solund og kai ved Solund Brygge 15.04.

Anders Ytreøy vart fast tilsett som leiar og skipper frå 06.04, men leverte oppseiing 31.05 av familiære årsaker. Øyvind Lending vart då midlertidig tilsett frå 03.06, og stillinga vart lyst ut på nytt

Lasse Lund tilsett frå 01.11.

Oppdrag for Statens naturoppsyn (SNO):

- SNO har ikke benyttet seg av Skjergardstjenesta i 2021

Prosjekt «Herreløse båter og dephenting»

Båten har vore ute på 35 oppdrag i 2021. 32 ganger har det vore dephenting (big bags med innsamla avfall) og 3 ganger henta herrelaus båt.

Her har vi henta depot/båtar: Nåra, Færøy, Florø, Vetvik, Sulnes, Landøy, Grindavika, Stabbevågen, Olanesflu, Ytterøygrend, Smørhamn, Struen hamn, Alden, Værlandet, Klubben, Tyvaneset, Fromeide, Innvik, Norfjordeid, Kolgrov, Humlevåg, Ytrøy, Nåra, Måløy, Selje, Kalvåg, Indrevær, Sørebarsholmen, Djupevik, Sanden, Espeset, Askrova, Buskøyvågen, Klubbeneset, Skorpa og Leaholmen

Oppsyn av Vetvika.

Drift og ettersyn av toaletter. Det var avtalt 2 oppsyn i fellesferien og et utenom fellesferien.

Diverse oppdrag:

Bistått Politiet med transport for befarung av en av våre innmeldte miljø saker.

- **Forvaltningsplanar**

Utarbeiding av «forvaltningsplanar»

Det er starta arbeid med ein 5 års forvaltningsplan for Refvika i Kinn kommune, for og i samarbeid med kommunen og grunneigarar på staden. Arbeidet med forvaltningsplanen skal gå gjennom 2022 slik at ein kan søkje på midlar i 2023.

Det er også starta arbeid med ein 5 års forvaltningsplan for Tvibyrgtet i Askvoll kommune. Også dette for og i samarbeid med kommunen og grunneigarar.

- **Opplæring/studieturar**

Vi var vertskap for Vestkystparken sitt styremøte i Florø Quality Hotel 25-26.08.

Dagleg leiar deltok på medarbeidersamling i Lyngen 14-16.09 der Ishavskysten Friluftsråd var vertskap.

- **Corona og handtering**

Covid-19 har påverka negativ påmelding til friluftsskulane, og gjort at vi måtte begrense aksjonsverksemd knytta til strandrydding til folkehøgskular som var å rekne som ein cohort. Noko heimekontor, men stort sett møte på kontor.

- **Økonomi førebelse tal.**

Inntekter har gått opp frå kr. 8.512.883,- i 2020 til kr. 17.816.717,- i 2021 og gir eit samla overskot alle tenestoområder på kr.2.630.479,-. Overskot blir flytta til reg.fond sjå tabell under. Friluftsrådet sitt overskot på kr.750.379,- inneheld avsetning på kr.189.229,- til friluftsskulane for 2022.

Det reelle overskotet blir då kr. 561.150,- som går inn på reg.fond og styrkar dette til kr.1.305.519,-. Årsaka til overskotet er eit mindreforbruk i løn til administrasjon og ekstrahjelp på ca kr.500.000,-.

Overskot i drift av Skjergardsteneste på kr.446.838,- skuldast i stor grad innsparingar i samband med båtkjøp.

Det store overskotet på Rydd Sogn og Fjordane prosjektet (kr.1.410.355,-) med tildelingar frå Miljødirektoratet blir overført til drift av prosjektet som går ut mars 2022 .Overskotet inneheld ubrukt løyving frå VFK plasstrategiplan på kr.187.500,- som også vil nyttast av Skjergardstenesta, samt midlar til drift av prosjektet Skuleturne for havet. Det er søkt om nye midlar til vidareføring av Rydd Sogn og Fjordane prosjektet for 2 år.

Rydd Norge Vestland prosjektet hadde eit lite overskot på kr.22.907,- som vert overført til 2022. Dette prosjektet tildelt av Handelens Miljøfond vert fakturert etter faktisk forbruk og var i 2021 godt innafor tildelt budsjett på 3.154.000,- eks mva. Her ligg det godkjente løyvingar for 2022 og 2023.

Resultat alle tenester FF 2021	Utgifter	Inntekter	Til avsetning	Fond
<i>Fjordane Friluftsråd 36005</i>	2 975 751	-3 726 130	-750 379	-1 305 519
<i>*Rydd Sogn og Fjordane 36010</i>	4 005 961	-5 416 316	-1 410 355	-1 410 355
<i>Skjergardstenesta 36011</i>	5 312 187	-5 759 025	-446 838	-446 838
<i>Rydd Norge Vestland 36015</i>	2 892 339	-2 915 246	-22 907	-22 907
<i>Samla resultat</i>	15 186 238	-17 816 717	-2 630 479	-3 185 619

* Raude tal viser pluss.

Solund, den 08.02.2022

Bjarte Engevik
-dagleg leiar-